

Eli Roseth Eik var med til Romania med hjelpesending.

08.04.2018



Sigrun Storhaug frå Utåker har i mange år hjelpt denne familien, her saman med mor og to av borna.

Eli Roseth Eik brukte påsken på reise til Romania med hjelpesending. Reisa var organisert gjennom Romaniahjelpen. Sigrun Storhaug frå Utåker har i fleire år støtta ein familie i Sibiu i Romania. Sigrun er dårleg til beins og bad Eli vera med som støtte. Les kva Eli skildrar i dette reisebrevet og kva ho opplevde på turen.

Vi reiste saman med Tor Benjaminsen, dagleg leiar for Romaniahjelpen Vestlandet. Vogntoget, som denne gong, kom frå Sogn og Fjordane var på plass i Bucuresti torsdag kveld. Dette var vogntognr. 48 han var med på. For tredje gong vart det stopp ved tollstasjonen. Tor hadde hatt ein hektisk telefondag for å rydda opp i problema. Konklusjonen var likevel at vogntoget vart ståande hos speditøren over helga. Måndag skulle vogntoget tømast og innhaldet frå alle sekkene teljast! Det virka heilt sprøtt og eit uoverkomeleg arbeid



Bilete syner aktivitet for to gutar på ein snikkarverkstad.

Tor Benjaminsen hadde tru på at når helga var over, ville dei berre kontrollera nokre få sekker før dei gav klarsignal til innkøyring. Han fekk rett. Dei hadde vist makta si og tømde ingen ting, sende alt rett gjennom. Stoppen førde sjølvstilt til at programmet vart mykje endra. 200 sekker vart som avtalt overlevert til organisasjonen som hjelper dei som bur i kloakken i Bucuresti. Noko vart levert til guteheimen vi hadde vitja

tidlegare og det resterande vart lossa ved barneheimen i Orlat. Alt gjekk på hogg og belegg slik at vogntoget kunne ta på heim med last til Hydro Ardal.



To av gutane frå vaksenheimen kjem og tek farvel med Sigrun, Eli og Tor Benjaminsen.

Det var tydeleg at Tor var ein populær mann. Same kor vi kom flokka borna seg rundt han med klemmar og prat. Undervisning er viktig og karakterbøker kom fram for å visa at dei er klar for neste klassetrinn. Syskenlag var delte til ulike barneheimar etter alder og kjønn. Romaniahjelpen laga til syskentreff 2 gonger i året. Det var rørende å sjå kor glade syskena var for å treffa kvarandre. Vi var med på utdelinga til sigøynarar i Blåfjell. Der var ei ung mor på vel 16 år med 2 små born, den eldste ca. 2,5 år.

Hos sigøynarane hender det framleis at jenter vert gifta bort frå 13 års alderen. I ein landsby var ei kollektivlære gjort om til husvære. Ei av småjentene der fekk rosa sko. Det var stas. Det var 8, snart 9 born i familien. Romaniahjelpen hadde hjulpet til ved operasjon av klumpfot for 2 av borna. Operasjon fekk dei gratis men sjølve opphaldet, men mat på sjukehuset måtte dei betala sjølve. Barnesjukehuset hadde mange svært sjuke born, men dei fekk godt stell. På både sjukehus og barneheimar var veggene rikt dekorerte med barnefigurar som Ole Brumm og Tigergutt.

Det var ei travel veke full av sterke inntrykk. Det vi såg var at hjelpa kjem fram til dei som treng det. Det er også mange gode hjelparar i landet som utnyttar resursane vi sender så langt råd er.

Og hovudmålet med turen, Sigrunn hadde eit hjartevarmt møte med mor i huset og dei 2 minste gutane. Far og dei 2 eldste var ute som gjeterar.

Tekst/foto: Eli Roseth Eik

Nett: Kristian Bringedal



Born frå ein og same familie bur på ulike barneheimar. Med støtte frå Romaniahjelpen møtest dei til syskentreff to gonger i året i eit badeland.